

## Vedtaksinstitusjonar

## Type gjenstand/ kulturminne

<b>Forsvarsmuseet</b> Tel. 23 09 35 82 <a href="http://www.mil.no/felles/fmu">www.mil.no/felles/fmu</a>	militære kulturgjenstandar, våpen, luftfarty
<b>Kulturhistorisk Museum, Universitetet i Oslo</b> Tel. 22 85 19 00 <a href="http://www.khm.uio.no">www.khm.uio.no</a>	arkeologisk og etnografisk materiale, gjenstandar frå tida før reformasjonen (1537), myntar og setlar
<b>Nasjonalbiblioteket</b> Tel. 81 00 13 00 <a href="http://www.nb.no">www.nb.no</a>	bøker, småtrykk, kart, manuskript, lyd- og filmarkiv
<b>Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design</b> Tel. 21 98 20 00 <a href="http://www.nasjonalmuseet.no">www.nasjonalmuseet.no</a>	måleri, teikningar, skulpturar, originale grafiske blad og annan biletkunst, kunsthandverk, design, møblar og anna innbu
<b>Norsk folkemuseum</b> Tel. 22 12 37 00 <a href="http://www.norskkfolkemuseum.no">www.norskkfolkemuseum.no</a>	folkekunst, bondeantikvitatar, husflidsprodukt, drakter, bygningar og anna materiale knytt til arbeidsliv og levemåte etter reformasjonen (1537)
<b>Norsk Maritimt Museum</b> Tel. 24 11 41 50 <a href="http://www.maritimtmuseum.no">www.maritimtmuseum.no</a>	maritimt materiale
<b>Norsk Teknisk Museum</b> Tel. 22 79 60 00 <a href="http://www.tekniskmuseum.no">www.tekniskmuseum.no</a>	transportmiddel og anna teknisk materiale
<b>Preus Museum</b> Tel. 33 03 16 30 <a href="http://www.preusmuseum.no">www.preusmuseum.no</a>	fotografi, fotografiapparat o.a. fotoutstyr
<b>Riksantikvaren</b> Tel. 22 94 04 00 <a href="http://www.ra.no">www.ra.no</a>	båtar
<b>Riksarkivet</b> Tel. 22 02 26 00 <a href="http://www.riksarkivet.no">www.riksarkivet.no</a>	arkivalia, segl og signet
<b>Ringve, Museene i Sør-Trøndelag AS</b> Tel. 73 87 02 80 <a href="http://www.ringve.no">www.ringve.no</a>	musikkinstrument og anna musikkhistorisk materiale
<b>RiddoDuottarMuseat</b> Tel. 78 46 99 50 <a href="http://www.rdm.no">www.rdm.no</a>	Samisk kunst og anna samisk kulturmateriale

## Døme på gjenstandar du ikkje må ta med deg heim



Knelande figur i bronse frå Kambodsja 34X24 cm. Foto: ICOM Red List  
Ikon frå St. Catherine's klosteret i Mount Sinai. Foto: Wikipedia  
Maya-vase i keramikk frå Latin-Amerika, 35 cm. Foto: ICOM Red List

## Meir informasjon

### Norsk kulturråd

Postboks 8052 Dep, N-0031 Oslo  
Telefon: 22 47 83 30, Telefaks: 22 33 40 42  
[post@kulturrad.no](mailto:post@kulturrad.no) / [www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

## Andre nyttige adresser:

Toll- og avgiftsdirektoratet / [www.toll.no](http://www.toll.no)

Tollvesenets informasjonssenter / Telefon: 03012

Kulturdepartementet og Miljøverndepartementet /  
Telefon: 22 24 90 90

Sametinget / Telefon: 78 47 40 00

UNESCO / [www.unesco.org/culture/natlaws](http://www.unesco.org/culture/natlaws)

Politi / [www.okokrim.no](http://www.okokrim.no)



NORSK KULTURRÅD  
Arts Council Norway



# Utførsel og innførsel av kunst- og kulturgjenstandar. Kva er lov?





Okse i bronse frå Kambodsja 36X64X32 cm.. Foto: ICOM Red List

## Utførsel og innførsel av kunst- og kulturgjenstandar. Kva er lov?

*Lov om kulturminne skal sikre at komande generasjonar skal få nytte og glede av kulturarven.*

### Utførsel

Føremålet med lovas reglar om utførsel av kulturgjenstandar i § 23 er å verne og ta vare på faste og lause kulturminne som er ein viktig del av Noregs kulturarv og historie. Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstandar skal sørge for at kulturgjenstandar blir verna mot ulovleg eksport og import. I tillegg skal ho sikre dokumentasjon og kunnskap om dei kulturgjenstandane som det er tillatt å føre ut av landet.

Ein må søkja løyve om utførsel av mellom anna følgjande kunst- og kulturgjenstandar frå Noreg:

- Automatisk freda kulturminne i medhald av lov om kulturminne. Arkeologiske kulturminne, faste kulturminne, og alle erklærte ståande byggverk med opphav frå tida fram til og med 1649 er automatisk freda etter kulturminnelova.

- Minne etter framstående eller sentrale personar, verksemdar og hendingar av verdi for norsk kunst, kultur og historie utan omsyn til alder.
- Bygningar eller bygningsdelar, etnografisk materiale, arkivsaker, manuskript, segl og signet, møblar og anna innbu eller lausøyre, drakter, våpen og liknande ting av kunst-, kultur- eller personalhistorisk interesse frå før 1900.
- Samisk materiale frå før 1970. For bøker, småtrykk og kart trykt på samisk gjeld år 1930. Ein må søkje løyve om utførsel for alt samisk arkivmateriale utan omsyn til alder.
- Norske myntar eldre enn 1537, samt yngre norske myntar, pengesetlar, medaljar og ordenar av nasjonal verdi, jf. forskriftas oversikt.
- Måleri, skulpturar og anna biletkunst, kunsthåndverk og prototypar for designprodukt frå før 1950.
- Motorvogner, luftfarty og skinnegåande materiell eller delar av slike frå før 1950, og båtar eller delar av slike eldre enn 50 år.

Sjå Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstandar på [www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no) for utførleg liste.

### Korleis søkje?

Kulturdepartementet har peika ut tolv institusjonar til å handsame søknader og fatte vedtak om utførsel av kunst- og kulturgjenstandar (sjå eiga liste). Søknadsskjema finn ein på [www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no). Send søknad med fotografi av gjenstanden i god tid til den aktuelle vedtaksinstitusjonen som utarbeider løyve om utførsel. Løyvet må følgje gjenstanden ved grensepassering.

### Ved tvil

Spørsmål kan stillast til Norsk kulturråd: [post@kulturrad.no](mailto:post@kulturrad.no), tlf 22 47 83 30 eller den vedtaksinstitusjonen som er mest nærliggjande.

### Normalt gjev ein løyve om utførsel

Vanlegvis gjev ein løyve til utførsel viss ikkje kulturgjenstanden er av stor verdi for forskning, bevaring og formidling av Noregs kulturarv. Ein kan gje løyve til utførsel permanent eller for eit fastsett tidsrom.

### Innførsel

Den som fører ein kulturgjenstand inn i landet pliktar å sørge for gyldig eksportsertifikat frå utførselslandet dersom dette er påkrevd. Dokumentasjon skal visast fram ved tollekspedering.

Sjå [www.unesco.org/culture/natlaws](http://www.unesco.org/culture/natlaws) for informasjon om regelverket i utførselslandet.

### Tollvesenet

Tollvesenet fører kontroll med at kulturgjenstandar ikkje blir førde ut av landet eller inn i landet i strid med kulturminnelova og Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstandar (Lov av 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel § 1-5). Sjå eige regelverk: [www.toll.no](http://www.toll.no).

### Straff

Den som med overlegg eller uaktsomt bryt utførselsforbudet, blir straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år. Under særleg skjerpande omstende kan ein gjere bruk av fengsel i inntil to år. Medverknad til og forsøk på ulovleg utførsel blir straffa på same måte (kulturminnelova § 27 og lov av 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel kapittel 16).

### Ankeinstitusjon

Norsk kulturråd er ankeinstitusjon. Unntaka er for saker som er avgjort av Riksantikvaren, der Miljøverndepartementet er ankeinstitusjon, og saker som gjeld samiske kulturminner, der Sametinget er ankeinstitusjon.